



ADVOKATFIRMA MIKKEL MUNDAL AS  
Hollendergaten 14  
5017 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 14/1513 - 17/11174

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
13.09.2017

## Informasjon til grunneigarar av kulturminne foreslått i verneklasse A og B

Formannskapet vedtok i møte 7. september sak 048/2017 å leggja kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 ut på høyring og offentleg ettersyn. Planforslaget er gjort tilgjengeleg på [www.radoy.kommune.no/kulturminneplan](http://www.radoy.kommune.no/kulturminneplan) og på kultur- og sørvistorget på rådhuset.

Kulturminneplanen har status som temaplan. Ein temaplan er ein plan for eit avgrensa tema, saksfelt eller sektor og har ikkje same krav til planprosess som ein kommunedelplan. For at flest mogleg skal få høve til å koma med innspel i planprosessen, har planarbeidet i denne planen likeveld følgd prosesskrava i plan- og bygningslova med seks veker høyringsfrist.

Kulturminneplanen til Radøy kommune skal identifisera og prioritera dei viktigaste kulturminna i kommunen og leggja grunnlaget for kommunen sitt arbeid med kulturminne i planperioden. Gjennom planarbeidet har kommunen gjennomført ei verdisetjing av viktige kulturminne og plassert dei i verneklassar. Dei kulturminna som ein har vurdert har svært høg verneverdi er plasserte i verneklasse A. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for dei ulike verneklassane som de finn på s. 15 i planutkastet.

Oversikt over kulturminne som er foreslått i verneklasse A finn de i vedlegg 2 i planen. Alle kulturminne i verneklasse A er i tillegg omtala i temadelen av planen (kapittel 2).

Dette brevet er sendt til alle eigarar av eigedomar med kulturminne i verneklasse A.

Evt. høyringsuttalar skal sendast: Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no). **Frist for å koma med uttale er sett til 22. oktober 2017.**

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*